

Nyhet!



Mauser M18 med Hawke 3-12x56 og A-Tec Mauserdemping er grei jaktrifle til rimeleg pris, og ikkje minst leverer testrifla både god presisjon og likt treffpunkt med det meste av patroner i testen!

MAUSER M18

– utfordraren!

Vi har testa ny jaktrifle frå Mauser i rimeleg prisklasse.

IKKJE BARE ER Mauser M18 ute som den første nye jaktrifle i 2018, den vart lansera med brask og bram så tidleg som 20. januar. Same dag og tid i alle land, og det i god tid før IWA, som normalt er første visning for nyheiter frå Tyskland.

HER I LANDET var og første visning 20. januar, men for å få nyheita ut så fort som råd, vart nokre norske våpenskrivarar invitert av Norma veka før til første test av Mauser M18 på Løvenskjoldbanen. Heile seansen starta med høgtideleg opning av trekassen med tre av dei første Mauser M18, og deretter fekk dei framømte ei innføring i M18s finesser.

ENKELT FORKLARA ER Mauser M18 i grunnen er ei temmeleg tradisjonell boltrifle med metall i svart stål, i ei låskasselengde som er tilpassa Remington 700-montasjar, kaldhamra løp, tykt sluttstykke med tre låsekakkar og liten opningsvinkel, vanleg sidesikring med tre stillingar, justerbart direkteavtrekk, laust plastmagasin som tar fem standardpatroner og kunststoffskjeft.

DET SOM IKKJE er heilt vanleg er at alle M18 kjem ferdig gjenga for lydtemper

Første opning av kassen med Mauser M18 på Løvenskjoldbanen.



frå fabrikk. Enkel demontering/bytting av kolbekappe og veiledende utsalspris på 10 990 kroner er heller ikkje heilt vanleg for tyske jaktrifler.

ETTER INNØRINGA VAR alt klart for første skyting med Mauser M18, og alle fekk anledning til å prøve nybørsa. Vi hadde tre Mauser M18 til rådighet og alle var kamra for 308 Winchester. Det var ikkje tid eller opplegg for allverdens skyting denne dagen, med skyteavstand begrensa til 100 meter. For min eigen del var det mest positive at det var lett å skyte rimeleg fort og treffe rimeleg godt ståande med Mauser M18 på lang arm. Og ikkje minst at eitt skot med Norma Jaktmatch 150 grs FMJ, Norma EcoStrike 150 grs, Norma TipStrike 170 grs og Norma Oryx 180 grs gav 4–5 cm fireskotssamlingar på 100 meter.

AT JAKTRIFLA HAR likt treffpunkt med forskjellige patroner er faktisk viktigare enn om den samlar fem skot med ei og same patron på tre, fire eller fem cm. Det einaste eg hadde å utsette på nye Mauser M18 var at det lette, fine avtrekket hadde ørlite kryp før det braut reint og kontant. Ikkje heilt uvanleg for nye rifler, men meir om M18-avtrekk seinare.

NÅ VART DET slett ikkje nok skyting i løpet av denne skytedagen til å få inngående kunnskap om Mauser M18 i både funksjon og presisjon, derfor fekk eg med ei av riflene for meir testing. Utstyrt med eit rimeleg godt utval i 308 Winchesterpatroner vart M18, Hawke 3–12x56 og

TESTSKYTING

Mauser M18 i 308 Winchester i testskyting frå skytebenk i 5 minusgrader, skyteavstand 100 meter, ein serie med tre og ein serie med fem skot. All skyting med A-Tec Mauserdemping på M18.

PATRON:	HASTIGHET:	3 SKOT:	5 SKOT:
Norma Diamond Line 168 grs	722 m/s	13 mm	18 mm
RWS Target Elite 168 grs	748 m/s	13 mm	20 mm
Sako Racehead 168 grs HPBT	787 m/s	11 mm	21 mm
Norma Jaktmatch 150 grs FMJ	772 m/s	17 mm	21 mm
Norma ECOSTRIKE 150 grs	837 m/s	17 mm	21 mm
Norma Oryx 165 grs	799 m/s	12 mm	22 mm
Norma TipStrike 170 grs	794 m/s	22 mm	35 mm
Norma Oryx 180 grs	774 m/s	18 mm	26 mm
Black Hills Gold 180 grs AccuBond	740 m/s	20 mm	30 mm
Nosler Varmageddon 110 grs	949 m/s	32 mm	45 mm

A-Tec Mauser lydtemper med i skytebenken eit par hustrige januardagar med fem minusgrader. Til tross for at fem minus slett ikkje er beste temperatur for testskyting, visa M18 seg frå si beste side. Alle patroner mata glatt og fint frå magasin og dobbeltradmaganet var lett å fylle ved å ta det ut av rifla og med magasinet i rifla. Nettopp det siste er ein av fordelane med Mauser: Låskassen er såpass open at ein greitt kan etterfylle magasinet utan å ta det ut av rifla.

OM DOBBELTRADMAGASIN ER ein fordel eller ikkje kan sikkert diskuteras, fakta er i alle fall at M18-magasinet tar fem standardpatroner, men er likevel plant med undersida av skjeflet. Dei einaste patronhekt eg fekk med M18 skjedde ved

Sikring med tre stillingar: bak sikra med låst sluttstykke, midtre er sikra men sluttstykket kan opnast og med sikringa framme er M18 klar til skot.



Mauser M18

å sleppe ei patron inn i utkastaropninga på tomt magasin utan å trykke patrona ned i magasinet. Ikkje alltid hekt, men nokre gonger. Nå er vel ikkje dette vanleg ladeprosedyre for jaktrifler, men det måtte prøvast. Når patrona butta var det bare å føre sluttstykket litt tilbake, og så fram og patrona smatt greitt inn i kammer. Elles var alt ok.

MEN KVA MED presisjon i fem minusgrader? Jo takk, bare bra. Og til tross for at det bare vart skote ein treskot og ein femskot med kvar patron i kulda vil eg påstå at den til og med var svært bra. I skytebenken visa det seg at bortsett frå Norma TipStrike 170 grs og nye, lette Nosler Varmageddon 110 grs samla alle patroner fem skot på 30 mm eller betre på 100 meter skyteavstand. Best presisjon gav sjølvsagt dei tre matchpatronene med 168 grs matchkule, men Norma Jaktmatch 150 grs FMJ, Norma Ecostrrike 150 grs og Norma Oryx 165 grs var sanneleg ikkje stort dårlegare. Som skriva mange gonger før er ein serie alt for lite til å påstå noko som helst om presisjon, men om ein tar gjennomsnitt av alle patroner, bortsett frå Nosler Varmageddon, var gjennomsnittet for ni treskotsseriar 15,88 mm og 23,77 mm for ni femskot med Mauser M18 på 100 meter. Det er god presisjon frå ei fabrikkrifle som kostar ørlite under 11 000! Og endå betre er det at med rett innskyting vil alle patroner i testen treffe tier på 100 meter.

AV TEKNISKE LØYSINGAR i Mauser M18 er skjefteskruar festa i låskassen – rekylopp-taket skjer ved rekyllakk i skjeftet som går inn i spor i låskassehalsen. Ei enkel og rimeleg løysing på rekylopptak, som ikkje er ulikt andre kjente jaktrifler. Sikringa fungerer slik den skal, og avtrekket, som før testskyting var 1,1 kilo med litt kryp, endra seg til reint avtrekk med vekt 1,08 - 0,98 og 0,98 kilo for tre målingar etter omtrent hundre skot og ein del avtrekk utan skot. Litt vel lett avtrekk for jaktrifler etter min smak, men det kan justerast.



M18 kamra for 308 Winchester. Dette er litt underleg når låskasse og magasin er lange nok til å ta patroner i 30-06-klas-sen. Men fortvil ikkje, M18 kamra for både 6,5x55 og 30-06 kjem snart! Og få vil vel bli forundra om M18 etter kvart vil bli kamra for andre patroner som passar i lang låskasse.

DENNE FØRSTE TESTEN er heilt klart alt for liten til å spå noko som helst om Mauser M18 i levetid, funksjon og alt anna etter lang og hard bruk, derfor er det og vanskeleg å gje M18 poeng på ein fornuftig måte med solid bakgrunn for egne meiningar.

UT FRÅ DET eg har sett var dette i utgangs-



Eitt skot Norma Jaktmatch 150 grs FMJ, Norma ECOSTRIKE 150 grs, Norma TipStrike 170 grs og eitt skot Norma Oryx 180 grs på 100 meter!

punktet ei typisk åttepoengs rifle, ei av mange. Men etter skytinga tilseier både presisjon og likt treffpunkt med forskjellige patroner og kulevekt at testrifla bør få ni poeng. Så får heller framtida vise om M18 generelt er så presis, og korleis tilstanden er etter langvarig hard bruk. Derfor med alle forbehold: 9 poeng til testrifla!

Mauser M18 dobbeltradmaganin tilpassa 308 Winchester.



Vegard frå Norma med Mauser M18.

MAUSER M18

Veiledende utsalspris: 10 990 kroner

Vekt, rein rifle: 3,0 kilo

Vekt med Hawke 3-12x56 og A-Tec Mauderdemper: 4,24 kg

Lengde: 105 cm

Løpslengde: 56 cm

Skjeftelengde: 36 cm

Avtrekk: Justerbart avtrekk frå 1 til 1,5 kg. Etter ein del skot var avtrekksvekt på testrifla 1,05 – 0,98 – 0,98 kg.

Sikring: Sidesikring med tre stillingar. Bak er den sikra med låst sluttstykke, midtstilling er sikra men sluttstykket kan opnast, og med sikringa fram er M18 klar til skot.

Skjefte: Kunststoffskjefte med skjeftefylling og mjuke grepspanel på pistolgrep og framskjefte, litt handfylling i pistolgrep.

Anna: 15-1 gjenger. Lengde på låskasse er tilpassa Remington 700-baser. "Fat bolt" sluttstykke med tre låseklakkar, to pinneutkastarar og liten utdrager Laust magasin for fem standardpatroner. Magasinet kan etterfyllast utan å ta det ut av rifla.



Mauser M18 har sluttstykke med tre låseklakkar, liten utdrager og to utkastarpinnar. Skjefteskruen er festa i låskassen og låskassehalsen har spor for rekyllakk.



Kunststoffskjefte med avtrekkerbøyle, og skjeftet er tilpassa laus mutter for skjefteskruen.



+ Pris, presisjon, treffpunkt